

MØTEINNKALLING

Utval: Arbeidsmiljøutvalet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 09.06.2017
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 01.06.17

Olaug Andreassen
leiar

SAKLISTE:


Saksnr	Innhold
PS 16/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 17/17	Protokoll frå førre møte.
PS 18/17	Opningstid ved rådhuset sommaren 2017
PS 19/17	Sjukefråvær 1. tertial 2017
PS 20/17	Arbeidsmiljøprisen

Orientering:

Kommunalsjef for helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol orienterar om ekstern analyse frå konsulent om organisering og tenesteutvikling i helse og omsorgsavdelinga.

PS 16/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 17/17 Protokoll frå førre møte.



Staben

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2017/795
		Arkiv:	

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
18/17	Arbeidsmiljøutvalet	09.06.2017
	Formannskapet	06.06.2017

OPNINGSTID VED RÅDHUSET SOMMAREN 2017

Tilråding:

Rådmannen tilrår at det for sommaren 2017, i perioden frå og med veke 27 tom og med veke 31, vert innført avgrensa opningstid ved rådshuset.

Opningstida ved rådshuset skal i perioden vere mellom 09:00 til 15:00.

Særutskrift:

- Leiar for Servicetorget
- Arbeidstakarorganisasjonane
- Hovudverneombod

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Administrasjonen har vurdert opningstida ved rådhuset i sommar, nærare bestemt i juli og fyrste veka i august. Det er saka bl.a. teke omsyn til tenestelevering, samarbeid med avdelingane på rådhuset og tilgjengelegheit.

Saksopplysningar:

Rådhuset i Herøy kommune har vanleg opningstid mellom 08:00 og 16:00, måndag til fredag året rundt. Telefonsentralen er open mellom 09:00 og 15:00, måndag til fredag året rundt.

Leiar frå Servicetorget har kome med førespurnad om det kan vere føremålstenleg å reduserer opningstida i sommar. Grunngevinga for tiltaket er bla.a arbeidsbelastning over tid i samband med vakant stilling. Leiar for Servicekontoret melder at dette, i lag med mindre moglegheit for fleksibilitet over tid, vil kunne føre til helseutfordringar for dei tilsette. På grunn av vaktordninga (vakt i skranke og telefonvakt) gjer at avdelinga er sårbar ved frávær. Dette må sjåast i lys av minimumsbemanning (2 medarbeidarar) i samband med ferieavvikling. Ei kortare opningstid vil også gje meir rom for sakshandsaming og førefallande kontorarbeid m.m. i førekant og etterkant av opningstida.

Leiar for Servicetorget har sett fram forlag om redusert opningstid i sommar.

Førespurnaden vart handsama i leiargruppa for Staben den 1. juni. Stabsleiarane er samde i at dette kan være eit føremålstenleg tiltak. Ei redusert opningstid vil ikkje svekke tenestene til dei andre avdelingane. Tilgjengelegheita vil sjølvsagt verte noko redusert, men leiargruppa meiner dette ikkje vil gå ut over servicen avdelingane vil gje. I perioden det her er tale om, er det både ferieavvikling i organisasjonen og elles. Leiargruppa meiner også at det ikkje vil stå fram som negativt for publikum å ha ei avgrensa opningstid midt på sommaren, då dette ofte er vanleg i andre bransjar.

Kommunalsjef for Stab har også drøfta saka med Kommunalsjef for Samfunnsutvikling, som ikkje kan sjå at ei redusert opningstid i «fellesferien» vil ha særskilt påverknad på samarbeidet mellom sektoren og Servicetorget i ein slik avgrensa periode. Tenesteleveranse vil heller ikkje verte påverka i særleg grad.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen kjem etter ei samla og heilskapleg vurdering til at det i perioden frå og med veke 27 tom og med veke 31, er tilrådeleg med avgrensa opningstid frå 09:00 til 15:00.

Tiltaket vil ikkje ha særskilt negativ innverknad på tenestelevering, samarbeid med avdelingane på rådhuset og tilgjengelegheit i ein «fellesferieperiode».

Tiltaket vil kunne ha positiv HMS-effekt for medarbeidarane i Servicetorget.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil ikkje ha negativ konsekvens for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket vil ikkje ha tyding for beredskapen.

Konsekvensar for drift:


Tiltaket vil ha liten eller inkje negativ påverknad på drifta.

Fosnavåg, 01.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef Stab

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth



Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AKE	Arkivsaknr:	2016/138
		Arkiv:	441

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Arbeidsmiljøutvalet	09.06.2017

Arbeids

SJUKEFRÅVÆR 1. TERTIAL 2017

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Særutskrift:

Kommunestyre
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombodet

Vedlegg:

Tabell 1 nedanfor viser sjukefråvær for 2. og 3. tertial 2016 og 1. tertial 2017

Tertialvise frávær i % Herøy kommune 2. og 3. tertial 2016 og 1. tertial 2017									
L= Langtidsfrávær, K= Kortidsfrávær									
Avdeling	2. tertial	K	L	3. tertial	K	L	1. tertial	K	L
Personal og org.	0,92	0,92	0	2,26	2,15	0,11	5,81	1,99	3,81
Økonomi (>)	3,53	3,53	0	2,13	2,13	0	2,77	1,36	1,41
Fellessekr.	6,8	0,51	6,29	10,99	1,22	9,77	12,71	0,64	12,07
Rådm./ass.	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	10,59	0	10,59	1,16	1,16	0	6,58	2,47	4,12
Servicetorg	3,38	3,38	0	4,85	4,85	0	5,49	4,66	0,82
Utviklingsavd.	5	0,31	4,69	10,84	2,73	8,12	17,76	0,82	16,94
Barnehageavd.	6,4	1,35	5,05	4,24	2,49	1,75	5,8	3,14	2,33
Grunnskuleavd.	3,01	1,06	1,95	3,77	1,57	2,2	6,68	1,94	4,75
Anl. og drift	1,24	1,24	0	0,86	0,86	0	2,01	2,01	0
Brannvern (<)	0,28	0,13	0,14	0,66	0,2	0,46	8,98	3,66	5,32
Helse (<40)	0,95	0,55	0,4	5,54	1,27	4,27	4,72	1,17	3,55
Pleie og omsorg	6,78	1,36	5,42	10,42	2,59	7,83	9,76	2,33	7,43
Bu og hab. (<)	11,72	2,3	9,41	13,19	2,28	10,91	19,09	3,39	15,7
Barnevern (<)	3,58	1,16	2,43	11,01	2,13	8,88	18,89	3,92	14,97
Kultur (>10)	0,45	0,22	0,22	3,96	2,01	1,95	1,78	0,32	1,46
Eigedom (<)	10,84	2,38	8,46	9,08	2,61	6,47	6,46	2,49	3,97
NAV kommune	11,1	3,9	7,21	20,19	2,5	17,7	20,82	2,71	18,11
Totalt frávær	5,57	1,39	4,17	7,39	2,11	5,28	9,05	2,26	6,79

Tabell 2 viser sjukefråvær for 1. tertial 2015, 2016 og 2017

Avdeling	1. tertial 2015	K	L	1. tertial 2016	K	L	1. tertial 2017	K	L
Personal og org. inkl.	8,69	1,31	7,37	6,57	3,01	3,56	5,81	1,99	3,81
Økonomi (>10)	5,71	3,21	2,51	10,48	1,36	9,13	2,77	1,36	1,41
Fellessekr. (<5)	0	0	0	4,74	2,77	1,98	12,71	0,64	12,07
Rådm./ass.rådm. (<)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56	5,76	5,76	0	6,58	2,47	4,12
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0	0,71	0,71	0	5,49	4,66	0,82
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26	5,61	2,33	3,27	17,76	0,82	16,94
Barnehageavd. (<40)	13,63	3,06	10,57	10,3	2,54	7,77	5,8	3,14	2,33
Grunnskuleavd. (<25)	7,32	2,44	5,27	7,11	2,32	4,79	6,68	1,94	4,75
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36	1,12	1,12	0	2,01	2,01	0
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0	2,23	1,9	0,32	8,98	3,66	5,32
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02	5,03	1,34	3,68	4,72	1,17	3,55
Pleie og omsorg (<30)	12,08	2,45	9,63	8,76	2,43	6,33	9,76	2,33	7,43
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07	10,01	2,44	7,57	19,09	3,39	15,7
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45	9,85	3,22	6,63	18,89	3,92	14,97
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67	7,08	2,36	4,72	1,78	0,32	1,46
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56	16,92	2,84	14,1	6,46	2,49	3,97
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26	18,17	5,03	13,1	20,82	2,71	18,11
Totalt frávær	10,53	2,41	8,12	8,61	2,4	6,2	9,05	2,26	6,79

Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråvær på 9,05% for 1. tertial 2017. Dersom vi ser på tabell 2 ovanfor viser den at fråværet er lågare enn for same periode i 2015, men høgare enn i 2016. Målsetjinga om eit nærvær på 92,5% er såleis ikkje nådd.

Om vi ser på tabell 1 har det samla sjukefråværet auka gradvis frå 2. tertial 2016 til 1. tertial 2017, men ser vi på historikken er det grunn til å merke seg at 1. tertial er den perioden av året der sjukefråværet ligg høgst (sjå tabell 3).

Ved å sjå på tala for den enkelte avdeling, ser vi likevel at nokre av avdelingane har eit stabilt lågt eller moderat sjukefråvær. Av desse kan vi nemne kultur, helse, IKT, økonomi og barnehage. Den avdelinga som viser ein mest markant nedgang er Eigedomsavdeling, med ein nedgang på 4,38% frå 2. tertial 2016 til 1. tertial 2017. Dersom vi ser på utviklinga frå 1. tertial 2016 til 1. tertial 2017 er sjukefråværet nærare halvert på denne tida.


Det er langt fleire avdelingar som har auke i sjukefråværet, enn som kan vise til nedgang i sjukefråværet. Avdelingar som har hatt ein særleg auke er NAV kommune, som har hatt ei dobling i sjukefråværet frå 2. tertial 2016 til 1. tertial 2017. Andre avdelingar som har hatt ein sterk auke i same periode er barnevern med ein auke frå 3,58% til 18,89%, bu- og habiliteringsavdelinga med ein auke frå 11,72% til 19,09%, grunnskulen har hatt over ei dobling frå 3,01% til 6,68% og utviklingsavdelinga frå 5,0% til 17,76%.

Når dette er sagt er det store variasjonar innan den enkelte avdeling i kvar enkelt sektor. Døme på dette er barn, familie og helse som har ein sjukmeldingsprosent som varierer mellom 70% og 0%, likeins skule som varierer mellom 26,64% og 0%, pleie- og omsorgsavdelinga ligg mellom 26% og 0% og bu- og habilitering har ein variasjon mellom 57% og 0%.

Fleire av avdelingane innanfor den enkelte sektor er små, og dette vil sjølvsagt gje utslag på fråværsstatistikken. Det skal såleis lite til for at ei avdeling med få tilsette, gir utslag på det prosentvise fråværet.

I diagrammet under, tabell 3 viser den tertialvise utviklinga frå 2012 og fram til i dag. Av diagrammet kan vi sjå at sjukefråværet for 1. tertial 2017 har plassert seg om lag midt på statistikken for dei tala som her er presenterte.

Tabell 3 viser tertialvist frávær 2012 - 1. tertial 2017



Vurdering og konklusjon:

Statistikken over sjukefrávær for 1. tertial 2017 viser at sjukefrávær i fleire avdelingar har auka og at det munnar ut i ein samla auke i fráværstatistikken. I nokre av avdelingane ser vi ein auke både i korttids- og langtidsfrávær, men at langtidsfráværet er vesentleg høgare en korttidsfráværet.

Den avdelinga som skil seg særleg positivt ut er Eigedomsavdelinga med ein samla fráværspersent på 6,46%, der reinhaldsavdelinga isolert sett har 7,66% sjukefrávær i dette kvartalet. I denne avdelinga har det vorte jobba systematisk både med det organisatoriske-, ergonomiske-, og psykososiale arbeidsmiljøet over tid. Dette syner no gode resultat.

På generelt plan jobbar Personal- og organisasjonsavdelinga med å informere avdelingane når det gjeld status for sjukefrávær og å følgje opp i høve til enkeltsaker.

Årsakene til sjukefrávær er samansette, og trass i oppfølging og tiltak er det ikkje alltid vi ser resultat på statistikken. Tala viser uansett at vi har mykje godt arbeid å ta tak i, og at vi kan verte betre.

Konsekvensar for folkehelse:

Auka nærvær vil ha positive følgjer for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Lågt sjukefråvær har konsekvensar for drifta. Det vert mindre arbeid med å følgje opp dei sjukmelde og leige inn vikarar. Betre kontinuitet.

Fosnavåg, 15.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AKE	Arkivsaknr:	2017/589
		Arkiv:	455

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/17	Arbeidsmiljøutvalet	09.06.2017

ARBEIDSMILJØPRISEN

Tilråding:

Særutskrift:
Ordføreren

Vedlegg:

1. Arbeidsmiljøprisen, utsendt informasjon
2. Fire forslag til arbeidsmiljøpris

Saksopplysningar:

Arbeidsmiljøutvalet vedtok i 2006 å opprette ein eigen arbeidsmiljøpris for Herøy kommune. I AMU-møte desember 2007 vart det bestemt at prisen skal delast ut ein gong i året. Grunnlaget for tildelinga skal vere innsatsen i avdelinga eller til ein eller fleire tilsette i ei avdeling i Herøy kommune.

Prisvinnaren får tildelt kr. 10.000,- samt diplom. Pengane skal nyttast til arbeidsmiljøtiltak i vinnaravdelinga eller for vinnaren/vinnarane. Alle tilsette på alle arbeidsplassar i kommunen og medlemmane i AMU har forslagsrett. Arbeidsmiljøutvalet skal vere jury og prisutdelinga finn stad på siste kommunestyremøte før ferien.

Føremålet med ein arbeidsmiljøpris er å fremje tiltak og prosessar på vegen mot eit best mogleg arbeidsmiljø. Gjennom prisutdelinga ønskjer Herøy kommune som arbeidsgjevar å rette merksemda mot miljøtiltak som andre kan lære av. Informasjon om arbeidsmiljøprisen for 2017 vert gjeve på Intranett og via e-post til alle tilsette i kommunen. Frist for innsending av forslag var 24. mai 2017.

Personalavdelinga har motteke fire forslag:

- Avdelingsleiar Ann Helen Nordbø Grøn avdeling, forslagsstillar Grøn avd.
- Avdelingsleiar Ada F. Kleppe. Reinholdsavdelinga ,forlagsstillar Rolf-Henning Skrede Hide
- Konsulent Kari Fjellstad Elsebø, Helse og omsorg, forslagsstillar Lene Utseth
- Herøy produksjon, Bu og habilitering, forslagsstillar Evelina Nikolaeva

Kriterium for tildelinga kan vere ein eller fleire av følgjande faktorar:

- Er med på å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø
- Er med på å auke motivasjon, entusiasme og humør
- Medverkar til samarbeid over etablerte «grenser»
- Verkar førebyggjande på helseskader
- Har stor overføringsverdi

Vinnaren av Herøy kommune sin arbeidsmiljøpris kan samtykke til å vere Herøy kommune sine kandidat til Arbeidsmiljøprisen som vert delt ut på Arbeidsmiljøkonferansen (samarbeid mellom KS, Fagforbundet og Utdanningsforbundet).

Personal- og organisasjonsavdelinga, i samarbeid med Fagforbundet og utdanningsforbundet, syt for at juryen får tilsendt Herøy kommune sitt kandidatur.

Tidlegare vinnarar er:

2016: Einedalen skule

2015: Gunnar Roseth, Myrvåg omsorgssenter

2014: NAV kommune
2013: SFO-Bergsøy, avd. Blåhaugen
2012: Servicetorget
2011: Tilsette ved Nestunet
2010: Kjøkkenet og driftsavdelinga i Pleie og omsorg
2009: Stokksund skule
2008: Cervix Vocales
2007: Distrikt 2 i Pleie og omsorg

Tidlegare forslag:

2016: Reinholdarane, Einedalen skule, Kari Fjellstad Elsebø
2015: Administrasjonen i Pleie- og omsorgsavdeling/Bu- og habiliteringsavdelinga
2014: Nav Herøy, Stine Nedreberg Runde, Myrsnipa barnehage, administrasjonen i Pleie- og omsorg/Bu og habilitering, Einedalen skule
2013: Fellessekretariatet, Barn, familie og helse, Anlegg- og driftsavdelinga, Administrasjonen i pleie og omsorg og bu og habiliteringsavdelinga, Toftetunet Avlastninga
2012: Nav Herøy kommune
2011: Servicekontoret og Helsestasjonen
2010: PPT kontoret
2009: Marie Bendal, Laila Solhaug, Velforeininga rådhuset, Legetenesta i Herøy
2008: Marie Bendal, Helseavdelinga, Myrsnipa barnehage, Velforeininga på Rådhuset, Myrvåg sjukeheim avd. B, Anlegg- og driftsavdelinga
2007: Fellessekretariatet, Sosial- og helseavdelinga, Grøn avdeling, HAS, Servicetorget, Helseavdelinga, Myrvåg sjukeheim (avd. A og B, kjøkenet) Heimesjukepleien, distrikt 1 og 2, Blå avdeling, HAS

Kostnaden til prisen har tidlegare gått over AMU sitt budsjett og har vore ført på felles velferdsmidlar. Arbeidsmiljøprisen 2017 vert utgiftsført slik:

Konto: 11202, ansvar: 1265 og funksjon 120

Fosnavåg, 30.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmseth
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken